

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Utdanningsval	- Kjenne til spesielle tilbod i vgs i Rogaland - Vite kor alle aktuelle skular for dei tre utdanningsprogramma du må setje opp i vgs-søknaden i Vigo, ligg. - Vite forskjell på P- og T-matte.
Norsk	Emne: Tekst i kontekst - Samanlikna og tolka romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk kontekst og eiga samtid - Les skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektera over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane
Engelsk	Tema: Den engelsk-språklege verda med fokus på Nigeria, Sør-Afrika og Australia reading, writing and speaking about the English-speaking world and English as a global language
Matematikk	- Finna stigningstal og konstantledd til funksjonsuttrykk og lineær graf - Teikna lineære grafar med utgangspunkt i ein funksjon eller tabell - Laga funksjonsuttrykk til funksjonar med utgangspunkt i ein gitt situasjon
Samfunnsfag	Tema: Berekraftig ressursbruk i verda – utfordringar og moglegheiter - Visa korleis teknologi både kan bidra til og hindra berekraftig utvikling - Gje nokre døme på urfolk sine rettar knyta til ressursar og landområde - Peika på konflikhtar mellom ulike sider ved berekraftig utvikling - Presentera tiltak som kan gjere ressursbruken i verda meir berekraftig
KRLE	Tema: Spor av religion - Utforska og presentera korleis element frå kristendom og andre religionar og livssyn kjem til uttrykk i medium og populærkultur - Gjera greie for og reflektera over ulike syn på kjønn og seksualitet i kristendom og andre religionar og livssyn
Naturfag	Emne: Stråling – overføring av energi og informasjon - Gjera greie for stråling som energitransport i form av bølger - Skildra likskapar og skilnader mellom eigenskapane til lyd- og lysbølger - Skildra og utforska teknologi som utnyttar stråling til å sende og ta imot informasjon
Kunst og handverk	Oppgåve: Kjøkkenreiskap - Visualisera form ved hjelp av frihandteikningar og/eller arbeidsteikningar. - Behandla og samanføya ulike materiale. - Bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte. - Vurdera haldbarheita til materialet. - Presentera val frå idé til ferdig resultat i eit enkelt prosessnotat. Oppgåve: Geriljabroderi - Brodera nøyaktig etter mønster og ha ei ryddig bakside på arbeidet. - Planlegga arbeidsmengde og sørge for at du klarer å gjere det praktiske arbeidet ferdig i skuletida, i dei åtte vekene me skal jobbe med oppgåva. - Bruka reiskapar og utstyr slik ein får rettleiing om.

	Laga prosessnotat kor du viser litt kunnskap om nordisk design.
Spansk	- Refleksive verb: Kunne snakke og spørje om dagleg rutine - Snakk om været på spansk - Kombinasjon av refleksive verb i fremtid- og fortidsform - Kultur: Chile
Tysk	- Kunna bruke tysk munnleg og skriftleg - Kunna snakke om ein kjend tysk person og eit tyskspråkleg land - Kunna byggje setningar på tysk og svare på spørsmål med god flyt og uttale - Kunna bruke rett kasus og verbbøying
Eng fordj	
Arbeidslivsfag	- Planlegga praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag - Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav
Kroppsøving	
Musikk	- Visa kompetansenivå i blues-speling (for dei som ikkje har fullført det). - Deretter startar me opp med skotsk folkedans. Du skal kunna fem ulike dansar.
Kantine	- Planlegga dei praktiske øktene - Laga god og ernæringsriktig mat - Halda god hygiene - Jobba med rekneskap og plakatdesign - Gjennomføra sal - Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Fys.ak.	
Friluftsliv	Sporlaus ferd og turar i nærområdet
Design	- Redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparande måte. - Utforska og diskutera eksisterande produkts design og materiale i eit livssyklusperspektiv.
Trafikk	Utføra livreddande førstehjelp og tiltak på eit skadestad for å ivareta eiga og andres helse og sikkerheit.
Olweus	Gode vanar i klasserommet, språkbruk og kroppsspråk

INFORMASJON TIL HEIMEN

Julegudsteneste og adventsamling

I år er det trinnet vårt som skal ha ansvar for julegudstenesta og adventsamlinga på skulen. Datoen for dette er 17.desember kl. 10. Vi vil difor bruke noko tid før dette på å trene på songar og enkelte elevar vil ha eit særleg ansvar anten til høgtlesing eller andre innslag.

Jul

Siste skuledag før jul er 19.desember. Elevane har første dag tilbake på skulen 5.januar. Ønskjer alle ein riktig fin juleferie.

Foreldremøte 7.januar

Onsdag 7.januar kl. 18 - 19 skal det vere eit foreldremøte for føresette på 10.trinn. Her får de informasjon om standpunktkarakterar, eksamen og vidaregåande skule. Møtet er i kantina på skulen. Vell møtt.

Terminslutt

Terminslutt er 16.januar. Då blir terminkarakterane sette. Det er viktig at ein no har fokus på framovermeldingane som ligg i visma og arbeider godt med desse tilbakemeldingane. Neste gong er det standpunktkarakteren som då blir sett.

Helsing oss på 10.trinn

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald

HEIMEARBEID VEKE 51

Utdanningsval	Skriv ein tekst der du gjer greie for måla i vekeplanen her. Lever inn på Teams/utv/oppgåver.
Norsk	Les i boka di i 3x20 minutt. Loggfør lesinga.
Matematikk	Funksjonar og grafar Oppgåveboka s. 58 oppg. 2.104, 2.105, 2.106 To av oppgåvene var lekse i førre veke. Dersom du ikkje fekk oppgåvene til då, prøver du ein gong til denne veka. Ta bilete av heimearbeidet og last opp på OneNote under heimearbeid veke 51
Samfunnsfag	Les teksten " Ressursar og ressursbruk " på aunivers.  SKRIV: Figuren viser samanhengen mellom miljø, økonomi og sosiale forhold. Dei tre sidene av berekraftig utvikling må overlappe for at utviklinga skal vera berekraftig. Kva kjenneteiknar dei ulike omgrepa? Er nokon av sidene viktigare enn andre? Bør alle land prioritere alle sidene like høgt?
Spansk	No hay deberes de casa. Feliz vacaciones de navidad
Tysk	Sjå lekse på OneNote
Musikk	Blues: Vis kompetansen din på beste måte, for nå sluttar me av prosjektet. Skotsk folkedans: Pass på å følge godt med i timane, slik at du lærar deg dansane godt.

Kantine	Avspasering
Friluftsliv	Avspasering

HEIMEARBEID VEKE 2	
Utdanningsval	10BCD: Ta med kodebrikke/mobiltelefon til utv-timen for å bruke BankID til å logge inn på vigo.no . 10D tar det med i veke 3. Dei som gløymmer det i veke 2, kan ta det med i veke 3. Me legg inn første utkast til vgs-søknad på vigo.no .
Norsk	Les i boka di i 3x20 minutt. Loggfør lesinga
Engelsk	Watch this video: 863) What is a "Lingua Franca"? - YouTube Write a paragraph where you explain why we can say that English is a “lingua franca”. Include your own examples.
Matematikk	Funksjonar og grafar Oppgåveboka s. 58, oppg. 2.107, 2.108, 2.109, 2.110. Ta bilete av heimearbeidet og last opp på OneNote under heimearbeid veke 2
Samfunnsfag	Les artikkelen “Europa fra grønt til grått” på nrk.no Skriv ei kort oppsummering av artikkelen. Oppsummeringa skal forklare kva artikkelen handlar om, og kva funna viser om nedbygging av natur i Europa.
Naturfag	Les Stråling overfører informasjon side 96-101 i Solaris 10 eller i læringsløpet Stråling overfører informasjon - Aschehoug univers (aunivers.no) Forklar omgrepa sendar og mottakar med nokre døme.
Spansk	Que has hecho en las vacaciones de navidad? Skriv 3-5 setninger om kva du har gjort i juleferien på spansk. Bruk bindeord
Tysk	Sjå leksa på OneNote
Musikk	Lytt til musikken for å fange takt og rytme. Dette gjer det lettare å danse dei skotske folkedansane du skal lære. Øv heime på å gå i takt og på hinkehopp om du slit med dette.
Kantine	Produksjon
Friluftsliv	Avspasering (siste gong)

